



Magne Hope AS
Litlåsvegen 197
5954 MONGSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7236 - 15/797

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
14.01.2015

Arkivering av søknad utan handsaming - gbnr 125/44

Vi viser til Dykkar søknad om oppføring av båtlager, mottaken med vedlegg den 28.10.2014. Arealet er i kommunedelplanen avsett til naust kombinert med næring.

Vurdering

Det er registrert fleire manglar ved søknaden. Manglane gjeld blant anna følgjande forhold:

- Det er ikkje opplyst storleiken på mellomn anna bygningen i BRA
- Det er ikkje opplyst korleis parkering skal løysast på staden for brukarar av båtlageret
- Dispensasjonssøknaden er ikkje grunnigjeven
- Ved ny gjennomgang av saka ser vi at tiltaket også er i strid med byggegrensa mot sjø, jf. kommunedelplanens arealdel. Det er ikkje søkt om dispensasjon for dette, og dette er heller ikkje nabovarsla.
- Etter det vi kan sjå krev tiltaket utvida bruk av eksisterande avkøyrslø. Løyve er ikkje innhenta.

Dette er ikkje ei fullstendig liste av alle manglane i saka.

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 21-2 og byggesak kapittel 5. Søknaden er vurdert å vere for mangelfull til at den vert teke til handsaming.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
10.2.11 Avvist sak	1	2.100
Totalt å betale:		2.100

Vedtak:



Søknaden vert avvist, då han ikkje tilfredstillar lovgivinga sine krav. Ny, komplett og kvalitetssikra søknad må sendast inn til kommunen dersom saka skal verte teke opp til realitetshandsaming.

Dokumenta vert arkivert i kommunen.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Marinette Eiendom AS

Litlåsvegen 165 5953

FONNES

Mottakarar:
Magne Hope AS

Litlåsvegen 197 5954

MONGSTAD